

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KRD

Fra: Aurland kommune

Dato: 24. april 2014

Kommune:	Aurland kommune
Prosjektnavn:	Bulystprosjektet Bergteken
Prosjektleder:	Silje Midttun, tilsett frå 01.01.2014
Leder i styringsgruppen:	Ordførar Noralv Distad
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Hanne Brekken Oppedal
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe X b) Forankring i befolkningen X c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Mål:</p> <ul style="list-style-type: none">- Fleire bustader til leige og/eller sal:<ul style="list-style-type: none">a) kartleggjing av eksisterande bustadmasse som ikkje er i bruk som heilårsbustaderb) 5 hus tilgjengelege for sal eller langtidsleige i løpet av prosjektperioden- Etablera 5 bulyststiar med opplevingar og naturmøteplassar langs ruta.- Etablera 5 møteplassar, ein i sentrum av kvar bygd.- Velkomst og integrasjon av nye innbyggjarar <p>I kva grad er prosjektet på veg til å nå måla:</p> <ul style="list-style-type: none">- Bustadmasse<ul style="list-style-type: none">a) Kartleggjing av eksisterande bustadmasse er nesten fullførtb) 1 hus tilgjengeleg for langtidsleige- Arbeidet med å forankra kva 5 stiar som skal verta bulyststiar er i gang i sosiale medier. Bygdemøter er planlagt i mai.- Arbeidet med å forankra kvar dei 5 møteplassane skal liggja er i gang i sosiale medier. Bygdemøter er planlagt i mai.- Det har vore ein stor workshop om velkomst og integrasjon på eit arrangement for kvinner i kommunen i mars. I tillegg er ein tilsett ved servicetorget i kommunen utdanna til Sognavert.

<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Huskartlegging: Eigarane av hus utan fast busetnad. Trivselstiltak: Unge og barnefamilie, kvinner, personar med utanlandsk bakgrunn. Prosjektet vil i løpet av sommaren ta direkte kontakt per brev med eigarane av hus utan fast busetnad, og i løpet av hausten per telefon. Me planlegg også kurs i blant anna framgangsmåte i høve eigarskifte for denne målgruppa. Prosjektet kommuniserer aktivt/nesten dagleg i sosiale medier. Facebooksida til prosjektet har pr dags dato 420 følgjarar, medan 70 følgjer oss på Instagram. På bakgrunn av det ein veit om brukarane av Facebook, er det grunn til å tru at me når mange unge, barnefamiliar og kvinner. I tillegg har prosjektet no ein avtale om ei fast spalte under kommunal informasjon i bladet "Aurlendingen". Bladet har 100 prosent dekning i kommunen. I tillegg har prosjektleiar hatt presentasjonar om prosjektet for lærarane på begge skulane i kommunen, på småbarnstreff på helsestasjonen, på Sogn Jord- og hagebruksskule og for nokre av grendalaga i kommunen. Det er planlagt 5 bygdemøter, eit i kvar av dei 5 bygdene i kommunen, i løpet av mai månad. I tillegg vert alle som tek kontakt med kommunen fordi dei ynskjer å flytta til Aurland, sett i kontakt med prosjektleiar for bulystprosjektet.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Alle elevane ved dei to skulane i kommunen og bygdefolket elles har vorte inviterte til å fortelja kva dei meiner er Aurland kommune sin identitet. Resultatet vart ein plakat med stikkord som skildrar kommunen og som syner breidda av det Aurland har å tilby. - Vårryddeaksjon: april 2014. Prosjektet har teke initiativ til og organisert ein større ryddeaksjon av privat skrap (større, utrangerte maskiner og utstyr) som har stått "parkert" i lokalmiljøet fleire stader i kommunen. I tillegg har prosjektet ein søppelplukk-aksjon i samarbeid med elevane på skulane. - Elevane på dei to skulane og alle barnehageborna i kommunen har vorte inviterte til å delta i ein logokonkurransse til bulystprosjektet Bergteken. Det har kome inn mange flotte bidrag, og vinnaren vert kåra 24. april. Ein opplevingspremie i eiga bygd går til heile klassen/barnehageavdelinga til vinnaren. - Eit tilgjengeleg hus for langtidsutleige. - Ein familie på fire og ei einsleg kvinne har teke kontakt med prosjektleiar med ynskje om å flytta til kommunen. Desse vert følgt opp. - Ein tilsett ved servicetorget i kommunen er kursa i vertskapsrollen (utdanna Sognavert). - Facebook-sida til prosjektet har fått god oppslutning og fungerer som ei informasjonstavle for prosjektet, men også for kommunen og for aktivitetar i regi av frivillige. På mange måtar er facebook-sida ein møteplass på nett, og me har opplevd at folk som skal flytta til kommunen tek kontakt med oss gjennom denne sida.
<p>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</p>	<ol style="list-style-type: none"> a) Følger opprinnelig plan b) Forsinket pga. c) Det er foretatt følgende justering: <ul style="list-style-type: none"> - Me har flytta ferdigdato frå 31.12.14 med potensiell

	<p>forlenging til 31.12.15, til 30.06.15</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dette inneber også at prosjektleiar er tilsett i 50% stilling i 1,5 år i staden for 1 år med potensiell forlenging i ytterlegare 1 år. - Me har innsnevra målgruppa frå ”alle innbyggjarar i Aurland, tilflyttarar og dei som er oppvaksne i Aurland” til ”unge, barnefamiljar, kvinner og personar med utanlandsk bakgrunn.” - Me meiner det er viktig at prosjektet jobbar mot resultat som overlever prosjektperioden. I søknaden skisserte me at me ynskte å skapa fleire møteplassar og ivareta mangfaldet ved å arrangera fire bulystarrangement i løpet av prosjektperioden. Desse tankane har me spunne vidare på og ynskjer å knyta slike arrangement opp mot meir varige tiltak som opplevingsstiar med naturmøteplassar (naturen er ein svært viktig del av kommunen sin identitet) og sentrumsmøteplassar i bygdene. <p>Prosjektplanen vart vedteken i Formannskapet 10. april 2014, og ligg vedlagt dette skjemaet.</p>
<p>Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt X b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant
<p>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)</p>	<p>Prosjektet skal forankrast godt blant innbyggjarane heile vegen. Me tek sikte på å gjera dette gjennom god, kontinuerleg informasjon og dialog med innbyggjarane ved hjelp av sosiale medier, ei eiga heimeside, ei fast spalte i bladet ”Aurlendingen”, bygdemøter/arrangement og aktiv deltak på andre lokale arrangement.</p> <p>I tillegg skal tre arbeidsgrupper med brei representasjon frå alle bygdene jobba med dei tre trivselstiltaka, som skildra tidlegare.</p> <p>Arbeidet med huskartleggjinga vil prosjektleiar ta seg av. Her er me svært medvitne om at temaet sal/langtidsutleige kan vera kjensleg for huseigarar. Me vil difor leggja vekt på ein god prosess og ha stor fokus på korleis med kommuniserer med huseigarane. Å selja eit hus kan vera ein lang prosess for summe. Me ynskjer difor å bidra med å tilby kurs i blant anna framgangsmåte ved eigarskifte. Auka kompetanse vil sannsynlegvis kunna letta avgjersla for fleire. Prosjektleiar har hatt eit møte med prosjektleiar for det avslutta bulystprosjektet i Luster og fått nyttig erfaringsoverføring derifrå.</p> <p>Me har også oppretta ei interessentliste over folk som ynskjer bustad i kommunen. Lista er open både for innbyggjarar på husjakt og potensielle tilflyttarar. Me vil på sikt formidla kontakt mellom husinteressentar og huseigarar.</p>
<p>Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn</p>	<p>Me ser for oss at erfaringane med bustadkartleggjinga og arbeidet med å gjera fleire hus tilgjengelege for sal/langtidsleige kan ha overføringsverdi for andre distriktskommunar. Like eins erfaringar frå arbeidet med velkomst og integrasjon. I tillegg trur me at erfaringar frå bruk av sosiale medier i prosjektet kan verta nyttige for andre lokalsamfunn. Prosjektet legg opp til aktiv bruk av sosiale medier,</p>

	<p>både for å informera, men også for å koma i dialog med innbyggjarane og andre interesserte. Kommunen har frå før ingen erfaringar med bruk av sosiale medier. Prosjektet prøver seg såleis fram med kva som fungerer og ikkje fungerer, og me er så langt nøgde med resultatet, samstundes som me har fleire planar om å utnytta desse verktøya enda betre.</p>																																				
<p>Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet</p>	<p>Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?</p> <ul style="list-style-type: none"> *Representantar frå prosjektgruppa deltok på erfaringssamling bulyst i desember 2013 i regi av Sogn og Fjordane Fylkeskommune. *Prosjektleiari har delteke på koordineringsmøte i regi av Nærøyfjorden verdsarvpark. *Prosjektleiari har hatt møte med fleire grendalag i kommunen. *Prosjektleiari har fortalt om prosjektet på småbarnstreff på helsestasjonen. *Prosjektleiari har fortalt om prosjektet til tilsette ved Sogn Jord- og hagebruksskule. *Prosjektleiari deltok på eit stort arrangement for kvinner i kommunen i mars: ”Draumedamenes draumetreff”. *Prosjektleiari har halde presentasjon om prosjektet for lærarane ved dei to skulane i kommunen. *Tilsett ved kommunetorget har gått på dagens Sognavert-kurs i regi av Nærøyfjorden verdsarvpark i april 2014. Dette i samband med prosjektet sitt arbeid med velkomst og integrasjon. *Prosjektleiari har gått på tretimars kurs i bruk av sosiale medier i regi av Trine Grung i april 2014. 																																				
<p>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>Finansieringsplan</p> <table border="1" data-bbox="469 1122 1315 1451"> <thead> <tr> <th>Tittel</th> <th>2013</th> <th>2014</th> <th>Sum</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Eigeninnsats</td> <td>100 000</td> <td>100 000</td> <td>200 000</td> </tr> <tr> <td>Kommunal eigendel</td> <td>225 000</td> <td>225 000</td> <td>450 000</td> </tr> <tr> <td>Kommunal- og regionaldepartementet</td> <td>325 000</td> <td>325 000</td> <td>650 000</td> </tr> <tr> <td>Sum finansiering</td> <td>650 000</td> <td>650 000</td> <td>1 300 000</td> </tr> </tbody> </table> <p>Budsjett</p> <table border="1" data-bbox="469 1547 1315 2024"> <thead> <tr> <th>Tittel</th> <th>Sum</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>lønn og tapt arbeidsforteneste</td> <td>605.000 kr</td> </tr> <tr> <td>profilering</td> <td>45.000 kr</td> </tr> <tr> <td>arrangement/møter i prosjektregi</td> <td>90.000 kr</td> </tr> <tr> <td>prosjekttiltak</td> <td>265.000 kr</td> </tr> <tr> <td>deltaking på andre møter/konferansar/kurs</td> <td>45.000 kr</td> </tr> <tr> <td>diverse</td> <td>60.000 kr</td> </tr> <tr> <td>dugnadsinnsats/leige av kommunale lokale/tid kommunalt tilsette</td> <td>200.000 kr</td> </tr> </tbody> </table>	Tittel	2013	2014	Sum	Eigeninnsats	100 000	100 000	200 000	Kommunal eigendel	225 000	225 000	450 000	Kommunal- og regionaldepartementet	325 000	325 000	650 000	Sum finansiering	650 000	650 000	1 300 000	Tittel	Sum	lønn og tapt arbeidsforteneste	605.000 kr	profilering	45.000 kr	arrangement/møter i prosjektregi	90.000 kr	prosjekttiltak	265.000 kr	deltaking på andre møter/konferansar/kurs	45.000 kr	diverse	60.000 kr	dugnadsinnsats/leige av kommunale lokale/tid kommunalt tilsette	200.000 kr
Tittel	2013	2014	Sum																																		
Eigeninnsats	100 000	100 000	200 000																																		
Kommunal eigendel	225 000	225 000	450 000																																		
Kommunal- og regionaldepartementet	325 000	325 000	650 000																																		
Sum finansiering	650 000	650 000	1 300 000																																		
Tittel	Sum																																				
lønn og tapt arbeidsforteneste	605.000 kr																																				
profilering	45.000 kr																																				
arrangement/møter i prosjektregi	90.000 kr																																				
prosjekttiltak	265.000 kr																																				
deltaking på andre møter/konferansar/kurs	45.000 kr																																				
diverse	60.000 kr																																				
dugnadsinnsats/leige av kommunale lokale/tid kommunalt tilsette	200.000 kr																																				

	<p>Rekneskap pr 23.04.2014</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Tittel</th> <th>Sum</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>lønn og tapt arbeidsforteneste, inkl mobil og mobilbruk</td> <td>124 360 kr</td> </tr> <tr> <td>profilering</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>arrangement/møter i prosjektregi</td> <td>65 kr</td> </tr> <tr> <td>prosjekttiltak</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>deltaking på andre møter/konferansar</td> <td>798 kr</td> </tr> <tr> <td>diverse</td> <td>191 kr</td> </tr> <tr> <td>dugnadsinnsats/leige av kommunale lokale/tid kommunalt tilsette</td> <td>Førebels ikkje rekna ut</td> </tr> </tbody> </table>	Tittel	Sum	lønn og tapt arbeidsforteneste, inkl mobil og mobilbruk	124 360 kr	profilering	0	arrangement/møter i prosjektregi	65 kr	prosjekttiltak	0	deltaking på andre møter/konferansar	798 kr	diverse	191 kr	dugnadsinnsats/leige av kommunale lokale/tid kommunalt tilsette	Førebels ikkje rekna ut
Tittel	Sum																
lønn og tapt arbeidsforteneste, inkl mobil og mobilbruk	124 360 kr																
profilering	0																
arrangement/møter i prosjektregi	65 kr																
prosjekttiltak	0																
deltaking på andre møter/konferansar	798 kr																
diverse	191 kr																
dugnadsinnsats/leige av kommunale lokale/tid kommunalt tilsette	Førebels ikkje rekna ut																
<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<p>a) Stabilisere eller øke befolkningen X</p> <p>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser</p> <p>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer</p> <p>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne</p> <p>e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X</p> <p>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd)</p> <p>g) Styrke regionale sentra</p> <p>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X</p> <p>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?</p>																
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Prosjektet er ein del av ei større satsing for å auka innbyggjartalet i Aurland kommune. Det fullstendige arbeidet er skissert i kommunedelplan for næring, og omfattar blant anna også ei satsing på å utvikla fleire arbeidsplassar og å regulera til fleire tomter i kommunen. Bulystprosjektet Bergteken er avgrensa til ei kartleggjing av eksisterande bustadmasse som ikkje er i bruk som heilårsbustader, arbeid for å gjera fleire av desse bustadane tilgjengelege for sal eller langtidsleige og tre trivselsskapande tiltak som skissert tidlegare.</p> <p>Bulystprosjektet Bergteken har som mål å skapa varige endringar i kommunen. Difor er det viktig at databasen over bustader som er tilgjengelege for utleige eller sal vert vedlikehalden av kommunen i ettertid, og at trivselstiltaka ikkje vert eingongshendingar i prosjektperioden. Prosjekt suksess handlar ikkje berre om kva som er oppnådd ved prosjekt slutt, men like mykje om korleis kommunen forvaltar prosjektleveransane i ettertid. Dette ansvaret er kommunen medviten om, og korleis me best mogleg ivaretek dette ansvaret vil vera eit viktig tema vidare i prosjektet.</p>																